



Betong-elementa frå Ørsta Industri har kome til Uskedalen ein av dei første dagane i juni og er klare for montering. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Den nye betongmoloen/bølgjebrytaren som vart montert i juni i fjor i båthamna fungerer bra så langt. Det sleg årsmeldinga for Uskedal Båtlag som vart lagt fram i årsmøtet tysdag fast. Den gamle bølgjebrytaren havarte under stormen 14. januar.

Forsikringssselskapet ville berre erstatta to av tre betongdelar, men etter fleire forhandlingsrundar kom dei til slutt fram til ei avtale som båtlaget kunne akseptera. Båtlaget innhenta tilbod frå tre selskap og Ørsta Industri skilte seg ut med omsyn til størrelse og pris på konstruksjonen ferdig utlagt i Uskedalen. Ørsta sine betongbrygger vart då valde og dei kom til Uskedalen i månedsskiftet mai/juni med båt.

Båtlaget overtok den nye moloen 7. juni ferdig utlagt av montørane frå Ørsta. Det står att noko kabelarbeid, uttaksbokser og lys og det må også leggast ut meir fortøyning på ståldelen. Etilsynet har gjeve pålegg om utbetring av diverse feil, vart det opplyst i årsmeldinga.

Under årsmøtet opplyste kasserar Johan Sunde at båtlaget slit med svært høge utgifter til straum - det går med 5.000 kilowatt i månaden.
- Det ligg mange leidningar rundt om og vi har ikkje kontroll med dette, vart det opplyst.

Av Ola Matti Mathisen